

Til grunneigare, naboar og
offentlege instansar

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Valestrandsfossen 26.01.2016

VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERING

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 12-8 varslast det med dette privat oppstart av reguleringsarbeid for:

MJÅTVEITSTØ, GNR. 22, BNR 13, m. fl. PLANID 1256 2015 0005, MELAND KOMMUNE

Planområdet er på 17,7 daa, ligg på Mjåtveit, Mjåtveitstø, nord for Herdlefjorden. Kommunesenteret på Frekhaug ligg om lag 1,5 km i nordaustleg retning langs Fv564, Roslandsvegen. Føremål med planarbeidet er å leggje til rette for ein god og delvis konsentrert utbygging av bustadområdet med om lag 16 – 18 bueningar med tilhøyrande veg- og grøntareal.

Planområdet er i gjeldande kommune- og kommunedelplan sett av til *Bustadområde* og ligg innafor byggeområde B8 der det skal leggjast til rette for høg utnytting. Kommuneplanen si føresegner pkt 1.6.9 seier;

I reguleringsplanane skal det leggjast til rette for høg utnytting og konsentrert busetnad i bygge-områda B_5, B_6, B_8, B_9, B_17, BE_1 og BE_2.

For utfyllande informasjon kan ein ta kontakt med Arkoconsult AS.
Forslagstillar er Dale Brakstad Eigedom.

Oppstart vert varsla i avisa Nordhordland og sendt til alle aktuelle naboar og offentlege instansar. Eventuelle innspel kan sendast til plankonsulent innan 14.03.2016.
For utfyllande informasjon kan ein ta kontakt med Arkoconsult AS

Vedlegg; planavgrensing

Widar Sorø

Plankonsulent
Arkoconsult AS
Tlf: 56 39 00 03
Epost: post@arkoconsult.no



Figur 1 Plangrense skal revideres